

## Kvifor er bossreglane så vanskelege for enkelte?

25.03.2016



Denne må ikkje misbrukast! Det er kun dei som betaler for hytterenasjon som kan bruka denne containeren.

**Er det noko vi ikkje likar å skrive om her på nettsida så er det hundeskit, boss og renovasjon. Likevel får vi stadig meldingar frå lesarar om dette! Det er bra dei sender oss desse meldingane. Det er nødvendig, og det er noko som irriterer lesarane våre skikkeleg. Felles for hundeskit og dei som bryt bossreglar er at dei er gjengangarar!**

Biletet over vart i dag teke etter tips frå ein lesar. Dette skjer like etter at vi har hatt [ein informativ artikkel om emnet her på nettsida](#). Det skjer trass i at containaren er tydeleg merka med HYTTEAVFALL! Likevel plasserer dei urettmessig bossen der, og på toppen av alt på utsida av containaren!!

Mange irriterer seg på denne framferda, og det er gjengangarar som går att som syndarar når det gjeld bruk av hyttecontainaren. Mange veit kven det er, og fleire har god oversikt over det som skjer på området. Derfor er det også best for syndarane om dei avsluttar dette tullet og tar ein tur til SIM i ny og ne!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kristian O. Bringedal